

Halliburton AS Mongstadbase søker om utslepp av perfluorerte forbindelsar

Halliburton AS Mongstadbase i Lindås kommune i Nordhordaland er eit anlegg for mottak og behandling av farleg avfall. Bedrifta mottar og behandlar farleg avfall frå oljeboring. Dette er hovudsakleg boreslam, borekaks, slop og vaskevatt.

Bedrifta søker om ei endring i løyvet. Bakgrunnen for dette er at enkelte avfallsfraksjonar bedrifta mottar inneheld perfluorerte forbindelsar. Dette er ei gruppe forbindelsar som blir brote svært sakte ned, dei blir konsentrert opp i næringskjeda og kan gi skadelige effektar i miljøet.

Halliburton søker om utslepp av perfluorerte forbindelsar til Fensfjorden. Hydrokarbon-/kjemikalieholdig avfallsvatt blir på anlegget til Halliburton behandla i fellingsanlegg og dekantere for avvatning. Dette vatnet går vidare til biologisk reinseanlegg. Halliburton søker om utslepp av 4 kg/år for sum 18 av perfluorerte forbindelsar.

Søknaden frå Halliburton er lagt ut til offentleg innsyn på servicetorget i Lindås kommune og på nettsida til kommunen. Relevante dokument og skjema for å gi elektronisk tilbakemelding er lagd ut på <http://www.miljodirektoratet.no/horing2013-4281>. Det er også moglig å sende inn kommentarar skriftleg til Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim. Merk brevet med 2013/4281.

Frist for å gi tilbakemelding er 13. oktober 2014.